



KVINNHERAD
KOMMUNE



Oppvekstkår 4 - HEILDAGSSKULE

Temaplan for oppvekstkår 2021-2026

Sektor oppvekst – Kvinnherad kommune. Sak 2020//1228

Oppvekstkår 1 - Temaplan og overordna del

Oppvekstkår 2 - Handlingsdel

Oppvekstkår 3 - Organisering av barnehagar og skular

Oppvekstkårplan 4 - Heildagsskule

Innhald

Innhald.....	2
1 Innleiing.....	3
2 Målsetjingar og innhald i heildagsskule	3
3 Utvida skuletilbod med aktivitetar	4
4 Mattilbod.....	4
5 Leksefri	5
6 Innføring	6
7 Forsking og statlege føringar	6
8 Rosendalsprosjektet	7
9 Kostnad med heildagsskule	8
10 Konklusjon	10
11 Kjelder.....	11

1 Innleiing

Politiske tingingar av utgreiing om «Oppvekstkår» i Kvinnherad kommune, har ved to høve vore særleg spissa inn mot temaet «**heildagsskule**»

1. Kommunestyret 28.november 2019. PS 2019/88 Økonomiplan 2020 – 2023: *Kvinnherad kommunestyre ber kommundirektøren starte arbeidet med planen «Oppvekstkår» som skal omhandle bl.a. organisering av skular, barnehagar og **heildagsskule**.*
2. Kommunestyret 17.desember 2020. PS 2020/134 Budsjett2021 og Økonomiplan 2021 – 2024.
 - a. *Verbalpunkt 14: Kvinnherad kommune skal som oppfølging av Oppvekstkårplan starta planlegging av **heildagsskule** med oppstart skuleåret 2022 – 2023.*
 - b. *Verbalpunkt 15: Kvinnherad kommune skal greie ut innføring av skulemat i grunnskulen, kostnad og organisering*

I denne planen inneheld omgrepet «heildagsskule» ei ordning med; 1. eit utvida skuletilbod med leik /aktivitetar på/ved nærskulen, 2. leksefri og 3. gratis mat. Tilbodet er først og fremst retta mot elevane på dei lågaste trinna, 1. – 4. trinn. Desse barna har gått i barnehage i 5 år der dei har hatt opphald heile dagen, og får ved skulestart eit redusert tilbod samanlikna med barnehagetilbodet. I denne planen er det også sett på konsekvensar med å ha med alle elevane vidare oppover frå 5. – 10. trinnet.

2 Målsetjingar og innhald i heildagsskule

Det går fram av ulike dokument at målsetjinga med heildagsskule er; betre læring, betre helse og å redusera ulikskapar i oppvekstkår for barn. Dei sosiale berekraftsmåla omhandlar særleg det å redusera ulikskapar og fremja inkludering for alle. Sett i lys av berekraftsmåla så kan heildagsskule vera eit godt og rett tiltak.

Leksefri skule er eit element i heildag-skulen. Gratis aktivitetar i skuletida er eit tiltak for å jamne ut ulikskapar og hjelpe pressa familiar.

Eit anna tiltak for å oppnå målsetjinga med å redusera ulikskap er gratis måltid på skulen. Dette tiltaket vil sikra alle barn eit sunt og godt måltid om dagen. I tillegg er måltidet i seg sjølv ein god aktivitet for sosial læring og fellesskap.

Eit obligatorisk, gratis heildag-skuletilbod for alle i 1. – 4. klasse vil sikra at alle barn får eit fritidsstilbod, og vil fungera inkluderande på alle dei som ikkje har økonomi til å gje borna SFO-tilbod. Tilbodet vil fremja kulturelle og fysiske aktivitetar med ynskje om å styrkje psykisk og fysisk helse hjå barn. Eit heildagsskuletilbod kan virke inkluderande på minoritetsspråklege barn og på dei som ikkje får hjelp med lekser heime.

3 Utvida skuletilbod med aktivitetar

Eit element i heildagsskulen er at tilbodet til barn blir utvida i tid og at det blir lagt til rette for eit trygt omsorgs- og fritidstilbod i den obligatoriske skuletida.

Organisering av ein heildagsskule for 1. – 4. trinnet **kan** sjå slik ut: (Eit døme)

Tidsrom	Aktivitet
08:00 – 08:30	God morgon – Eigne mål
08.30 – 09:30	Undervisningsøkt 1
09:30 – 09:40	Friminutt
09:40 – 10:20	Undervisningsøkt 2
10.20 – 11:15	Lunsj og friminutt
11:15 – 12.10	Fysisk aktivitet
12.10 – 13:00	Undervisningsøkt 3
13:00 – 13.10	Friminutt
13:10 – 14.10	Undervisningsøkt 4
14.10 – 14:30	Fruktpause
14.30 – 15.30	Arbeidsøkt. (eigne mål)/ Leksehjelp

I Kvinnherad vil eit utvida tilbod til elevane innehalda aktivitetar der ein samarbeider med eksterne aktørar som ;

- Frivillige lag og organisasjonar
- Kulturaktørar
- Idrettslag
- Nærmiljø
- Lokalt næringsliv.

Eit utvida skuletilbod med aktivitetar i vår kommune må gje elevane ein praktisk og variert kvardag, der elevane får brukt evnene sine til å skapa og utforska. Dei må også på ein praktisk måte få trening i rekning, lesing og i språk. Elevane skal gjennom aktivitetane bli kjende med naturen og læra seg å ta vare på den. Dei skal delta i aktivitetar og arbeid med kunst og kultur. Dei skal få delta i ulike former for dagleg fysisk aktivitet.

4 Mattilbod

Måltid er ein viktig arena som i tillegg til å gje naudsynt energi, også er ein sosial arena. Måltid er ein grunnleggjande faktor for å fremja konsentrasjon og læring . Gode rammer for måltidet, med ro og nok tid til å nyte maten, gir grunnlag for gode opplevingar og trivsel. Gratis mat er ein viktig del av heildagsskule-tanken. Sosial utjamning med god sunn mat til alle er ein del av konseptet.

Det er ulike måtar å organisera måltida på i ein heildagsskule. Ved nokre skular vert maten laga lokalt, men det er også råd å tenkja at ein nyttar eksterne kjøkken som leverer til skulen si kantine. Elevane kan likevel få delta i tilrettelegging av måltidet.

I Sverige og Finland har mest alle skular sitt eige kjøkken og kantine, og barn får servert gode, sunne måltid kvar dag.

I Kvinnherad vil matserving i ein heildagsskule kunna realiserast med eit samarbeid med storkjøkken som er etablerte ved institusjonane i kommunen eller med private aktørar. Dei har god kompetanse i levering av mat og ved ei strukturendring der kantine er ein del av dei nye skulebygga, vil matservinga kunne gå føre seg på ein profesjonell og god måte med hjelp av den kompetansen som er i kommunen.

Matlova og tilhøyrande forskrifter må følgjast ved matsservering eller andre mat- og drikkeutbod. Mattilsynet er det statlege forvaltningsorganet som overvakar at forbrukarane får trygg mat og trygt drikkevann. Alle som ønskjer å starte å produsere eller servere mat på skule/SFO, må på førehand melde frå om det til Mattilsynet: www.mattilsynet.no

5 Leksefri

Lekser aukar ulikskapar mellom barn. Nokre barn har foreldre som har fri om ettermiddagen og kan gje hjelp, medan andre ikkje har det. Foreldre med høgare utdanning er ofte flinkare til å hjelpe enn foreldre med lågare utdanning.

Mange barn og føresette ynskjer seg ein leksefri skule. Forsking syner at barn treng å «øva» for å læra. Lekser må altså vera øving på noko ein kan litt frå før. Skuleforskar Thomas Nordahl meiner at lekser er bra for læring, men dei må vera av ein viss type dersom dei skal fungera; 1. Dei må ikkje ta for lang tid, 2. det må vera lekser i noko elevane har vore gjennom før og 3. det må vera sannsynleg at elevane klarer dei på eiga hand.

I heildagsskulen skal lekser vera integrert i skulekvardagen, slik sett kan dei kanskje ikkje kallast lekser lengre. For å fortsatt gje elevane den mengdetreninga dei treng for å læra, er det naturleg å leggja inn ei arbeidsøkt der elevane får arbeida med eigne mål og grunnleggjande dugleikar. Miljøarbeidarar kan ha ansvar for gjennomføring i klassane. På denne måten slepp elevane å arbeida med lekser når dei kjem heim og ein kan oppnå ei sosial utjamning med at alle får meir lik og god hjelp.

Ei spørjeundersøking som Ipsos utførte for Dagbladet synte at det i aldersgruppa 30 – 39 år var fleirtal for leksefri og heildagsskule. Samstundes er det viktig å sjå på om føresette mistar ein del av oversikta over eigne barn og interaksjonen med skulen ved at lekser vert tekne ut av heimen.

6 Innføring

Innføring av heildagsskule i Kvinnherad vil vera naturleg å sjå i samanheng med strukturendringar innafor skule og opparbeiding av Oppvekstsenter. Tek ein utgangspunkt i Strukturkonsept 1, kan ein tenkja seg følgjande framdrift, der mat kan leverast av Kvinnherad kommune sine kjøkken eller evt privat leverandør.

Skule	Kommentarar	Oppstart
<i>Hatlestrand skule 1 - 4</i>	Elevar ved Hatlestrand skule reiser til/frå Varaldsøy. Ved å laga til ein heildagsskule, kan elevane får delta i det gode tilbodet med fritidsaktivitetar som er på Hatlestrand skule. Elevtalet går ned og det må vera mogleg å tilretteleggja for eit kjøkken og kantine i eksisterande lokale. Dette må ein sjå i ein samanheng med kjøkken og matsservering på institusjonen på Ølve.	22 - 23
<i>Åkra skule 1 - 4</i>	Åkra skule har få elevar og ein må kunna sjå samanheng med barnehage og matsservering der. Det for lang reisetid til næraste institusjon og maten må lagast av eigne tilsette på oppvekstsenteret.	22 – 23
<i>Halsnøy skule 1- 4</i>	I samband med trong for utviding av skulen for barn med store omsorgsbehov, kan ein planleggja kantine/kjøkken. Matlevering frå private eller produksjonskjøkkenet på Husnes.	22 – 23
<i>Barneskule Husnes 1 - 4</i>	Ved bygging av ein ny barneskule på Husnes er det naturleg å etablera kantine/kjøkken i bygget. Matlevering frå private eller kommunalt produksjonskjøkkenet på Husnes.	24-25
<i>Barneskule Rosendal 1 - 4</i>	Ved nytt utbygg av skulen i Rosendal er det naturleg å etablera kantine i bygget. Kommunalt produksjonskjøkkenet eller private kan vera naturleg samarbeidspart til levering av mat.	26-27

7 Forsking og statlege føringar

Det er lite forskning direkte på konseptet heildagsskule i fagmiljøa i Norge. Forskar Tomas Nordahl frå høgskulen i Innlandet hevdar at heildagsskule for dei minste kan ha gode effektar, men at den truleg ikkje vil ha den sosiale utjamningseffekten ein ynskjer. På oppdrag frå regjeringa gjekk Nordahl i 2005 gjennom nasjonal forskning på feltet. Han konkluderte med at dei påventa effektane hadde lite basis i forskning.

Frå 2010 – 2012 gjennomførte Utdanningsdirektoratet eit prøveprosjekt med «helhetlig skoledag» ved ni grunnskoler. Forsøket inkluderte mellom anna skulemat, fysisk aktivitet og større grad av samarbeid mellom skule og skulefritidsordning. I sluttrapporten vert det konkludert med at ein ikkje har klart å finna signifikante effektar verken på læringsutbytte, helse eller miljø. Rapporten tek forbehold om at forsøksperioden har vore relativt kort og at ein kanskje vil sjå effektar over tid.

I rapporten «Equalising educational opportunity» fra januar 2015 analyserer professor David Mitchell internasjonal forskning om utjamning av ulikskap i skulen. I rapporten hevdar han at skulemat og høgt kvalifiserte lærarar er det som gir mest sosial utjamning. Vidare meiner Mitchell at barn sine foreldre må involverast meir i skulen. Gratis skulemat står på lista over tilrådde tiltak, noko som er grunna i ein rein samanheng mellom nok og rett mat, og læring. Rapporten er klar på at det er full semje mellom forskarar om at klasse og sosioøkonomisk status har stor effekt på barn sine prestasjonar på skulen. Den peiker også på at dei økonomiske og menneskelege kostandane av å ikkje hjelpe barn som trenger det, er store.

I rapporten *NOU 2019: 3 Nye sjanser - bedre læring - Kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp*, kjem ekspertutvalet som vart leia av Camilla Stoltenberg med forslag om tiltak for å gje alle barn ein like god start på skulegangen uavhengig av kjønn og sosial familiebakgrunn, tiltak for å gjera skulen meir rettferdig og interessant for både gutar og jenter, og tiltak for å betra overgangane i utdanningssystemet og kjønnsbalansen i høgare utdanning. «Stoltenberg-utvalget» foreslår og at alle elevar i 1.-4. klasse skal gå i obligatorisk heildagsskule i tillegg til gratis førskuletilbod med leikbasert læring for alle femåringar.

Professor ved Institutt for strategi og ledelse ved NHH, Christine B. Meyer, hevdar i ein kronikk i *Dagens Næringsliv* 18.06.2019 at det er på tide å få i gang heildagsskuletilbod. Mange foreldre synest at SFO er for dyrt. Sidan maksprisen blei innført i barnehagar i 2005, har SFO-prisane ifølgje SSB auka meir enn 80 prosent, langt meir enn konsumprisindeksen, hevdar ho. Ho skriv også at over 30 prosent av dei som ikkje gjer seg nytte av tilbodet, svarar at prisen på tilbodet er årsak, ifølgje ein evalueringsrapport av SFO-ordninga utført av NTNU og Stockholms Universitet i 2018. Samstundes har det vore store variasjonar mellom kommunane, frå heilt gratis SFO-plass til meir enn 4000 kroner per månad.

Oslo kommune kallar si ordning for aktivitetsskolen (AKS). AKS samarbeider tett med lærarane på skulen og legg til rette for læringsstøttande aktivitetar i tilbodet sitt. Barn og foreldre skal oppleve eit heilskapleg tilbod gjennom heile skuledagen. Elevane skal erfare breidde i opplevingar og aktivitetar som utfyller det elevane lærer på skulen og heime. I Oslo samarbeider AKS også med lokale krefter i nærmiljøet.

Haugesund kommune er i gang med eit prosjekt der ein av skulane i byen skal i gang som pilot for heildagsskule. Dei planlegg at skulen står for matlaginga sjølv i eit bydelshus som ligg i nærleiken av skulen. Dei skal servera barna eit smørjemåltid fire dagar i veka og eit varmt måltid på fredagen. I tillegg skal dei får eit fruktmåltid til dagen.

8 Rosendalsprosjektet

I Kvinnherad har Rosendalsprosjektet testa ut nokre av disse elementa i heildagsskulen, men då på ungdomsskulenivå. Det er varierende erfaringar frå prosjektet. Det var svært gode intensjonar og initiativ frå både ungdomsskulen og frivillige organisasjonar, men i praksis synt det seg å vera ressurskrevjande og vanskeleg å få det til.

Eit viktig moment når ein skal samarbeida med frivillige er at dei som arbeider frivillig gjerne er opptekne på jobb på dagtid. Erfaringa frå Rosendalsprosjektet var at det vart utfordrande for frivillige å stille opp, og binde seg til avtalar, i skuletida. Organisasjonane som bidrog, fekk vederlag for utført innsats, likevel har dei frivillige også forpliktingar dei skal løyse før dei kan stille opp på ettermiddag.

Det var også avgjerande at måltid, leksehjelp og aktivitet blei avslutta i tide til at elevane rakk skulebussen heim.

Det blei gjort noko medverknad, utan at ein følte ein traff alle elevane på prosjektet.

Deltakinga i prosjektet var dalande gjennom heile perioden prosjektet varte, sjølv om ein utvida tilbodet til to trinn, var deltakinga veldig låg på slutten.

I lys av erfaringane frå Rosendalsprosjektet er det tilrådd å vurdere nærare følgjande:

- Aktivitet - bør leggjast til rette av tilsette. Seinare på kveld (etter 16) kan frivillige i større grad involverast
- Måltid - må tilpassast slik at det treff alle elevane. Varmt måltid var veldig ressurskrevjande å organisera.
- Skuleskyss – kva følgjer vil heildagsskulen ha for transporten heim for elevane? Om dei blir att for å delta på fritidsaktiviteter, korleis løyser ein dette då?
- Kven har ansvar for elevane i tida mellom heildagsskulen og eventuell fritidsaktivitet?

9 Kostnad med heildagsskule

I samband med at politikarane i desember 2019 vart oppmoda om å koma med ynskje for kva dei trong å få opplyst i handlingsdelen, kom det innspel frå Sosialistisk Fellesliste om å berekna kostnadane med heildagsskule. Ein ynskje å få oversikt over kva kostnadane med ein skuledag 08.00 – 15:30 kvar dag med leksefri ville kosta for elevane på dei ulike trinna. Ein ynskje også ein oversikt over kva eit måltid mat vil kosta.

Våre vurderingar er at det er uråd å ha mat i eit heildagsskuletilbod i skulane i Kvinnherad slik dei er i dag då dei ikkje stettar krava til matsservering. Sjølv med ei oppgradering av etterslepa på vedlikehald vil bygga ikkje ha kjøkkenfasiliteter til å kunna servera mat. Det vil vera difor bli svært kostnadskrevjande i form av investeringar å kunna organisera heildagsskular på alle 15 skulane i Kvinnherad. I denne utgreiinga er det derfor rekna på kostnadane med heildagsskule ved ei strukturendring; konsept 1 eller 2 i handlingsdelen.

I tabellen under er kostnadane med dei ulike delane i heildagsskule organisert etter skuletrinn. Det er som før nemnt, 1. – 4. trinnet som er den vanlegaste aldersgruppa å organisera heildagsskule for, men her er det også rekna på eit tilbod til 5 – 7. trinnet og til ungdomstrinnet.

På 1. – 4 trinnet er det lagt ved kostnadane til tapte inntekter for foreldrebetalinga i SFO på det nivå som er i dag. Bemanninga i heildagsskulen er på same nivå som lærarnorma (15 barn per gruppe 1. – 4. trinnet og 20 barn per gruppe 5. – 10. trinnet)

Estimerte kostnader med gratis mat er:

Smørjemåltid : ca kr 15,- pr dag pr elev

Varm mat: ca kr 30,- pr dag pr elev

Frukt. ca Kr 3,- pr dag pr elev

Med fire brødmåltid og eitt varmt måltid pr veke + frukt kvar dag blir dette 21 kr pr dag per elev

Samla kostnader for konsept 1 og 2 (like mange elevar i begge konsept) for 1. -4. trinnet med auka utgifter til aktivitetar, leksefri og mat i tillegg til inkluderte mindreinntekter i form av foreldrebetaling er om lag **kr 8 415 912**

Samla kostnader for konsept 1 og 2 (like mange elevar i begge konsept) for 5. – 7. trinnet med auka utgifter til aktivitetar, leksefri og mat er om lag **kr 5 887 230**

Samla kostnader for konsept 1 og 2 (like mange elevar i begge konsept) for 8. – 10 trinn med auka utgifter til aktivitetar, leksefri og mat er om lag **kr 6 664 930**

Samla for alle trinn vil dette tilbodet då hatt ei utgift pr år på **kr 20 968 072**

Konsept 1; **Husnes skule** er ein skule av Undarheim, Sunde, Bringedalsbygda, Valen, Skarveland

Konsept 2; **Husnes skule** (Undarheim, Sunde, Bringedalsbygda) og **Valen skule** (Valen og Skarveland).

Når det gjeld kostnad til mat er dei dei same i alle konsept då dei vert rekna ut frå elevtalet.

		Antal elevar	Antal grupper	Timar utviding av skule dagen	Auke tilsette timar pr dag aktivitetar	Auka tilsette mat-servering timar pr dag.	Løns-kostnader med auka dag	Kostnader mat	Reduserte inntekter SFO	Eksisterande SFO - løn	Samla auka kostnader 1-4 trinn	Samla auka kostnader 5 - 7 trinn	Samla auka kostnader 8.-10. trinn
Halsnøy skule													
	1 - 4 trinn	101	6,7	3,5	23,6	2	1 820 347	402 990	900 000	690 056	1 323 337		
	5 - 7 trinn	69	3,5	2	6,9	2	633 680	275 310				908 990	
Valen skule Konsept 2													
	1 - 4 trinn	82	5,5	3,5	19,1	2	1 504 693	327 180	800 000	1 121 818	1 031 873		
	5 - 7 trinn	73	3,7	2	7,3	2	662 160	291 270				953 430	
Husnes skule Konsept 1													
	1 - 4 trinn	265	17,7	3,5	61,8	6	4 829 733	1 057 350	2 050 000	2 491 144	3 837 083		
	5 - 7. trinn	228	11,4	2	22,8	6	2 050 560	909 720				2 960 280	
Husnes skule Konsept 2													
	1 - 4. trinn	183	12,2	3,5	42,7	4	3 325 040	730 170	1 250 000	1 370 326	2 805 210		
	5 - 7. trinn	155	7,8	2	15,5	3	1 317 200	618 450				1 935 650	
Rosendal skule													
	1 - 4 trinn	130	8,7	3,5	30,3	3	2 373 333	518 700	1 100 000	1 373 421	2 618 612		
	5 - 7. trinn	146	7,3	2	14,6	3	1 253 120	582 540				1 835 660	
	8 - 10 trinn	147	7,4	2	14,7	3	1 260 240	586 530					1 846 770
Hatlestrand skule													
	1 - 4. trinn	18	1,2	3,5	4,2	1	370 240	71 820	0		442 060		
	5 - 7 trinn	10	0,5	2	1,0	1	142 400	39 900				182 300	
	8 - 10 trinn	23	1,2	2	2,3	1	234 960	91 770					326 730
Åkra skule													
	1 - 7 trinn	6	0,4	3,5	1,4	1	170 880	23 940	0		194 820		
Husnes Ungdomsskule													
	8 - 10 trinn	353	17,7	2	35,3	8	3 082 960	1 408 470					4 491 430

8 415 912 5 887 230 6 664 930

Føresetnader i tabellen:

1. Dette gjeld skuleruta 190 dagar pr år. Det er det som er lovpålagt for alle elevar
2. Det er 15/20 elevar pr vaksen tilsett
3. Trinn 1. - 4. har fått auke med 3, 5 timar pr dag
4. Trinn 5. - 10 har fått auke med 2 timar pr dag
5. Eit måltid pr dag. Smørjemåltid 4 dagar. 1 dag varmmat. Kvar dag frukt = kr 21 pr dag pr elev

Mat eitt skuleår	
1. - 4 trinn	2 074 800
5. - 7. trinn	1 807 470
8. - 10. trinn	2 086 770
Alle	5 969 040

Samla auka kostnader	
1. - 4. trinn	8 415 912
5. - 7. trinn	5 887 230
8.-10. trinn	6 664 930
Alle	20 968 072

10 Konklusjon

I dette dokumentet vert det lagt til grunn at omgrepet heildagsskule inneheld tilbod som; utvida skuledag, leksefri og gratis mat på skulen. Det er lite forskning på effekten av tilbodet, og forskning og utgreiingar konkluderer ulikt. Det kan sjå ut for at tiltaket er mest politisk motivert og ikkje så mykje fagleg utgreidd. Det er ofte målsetjingar om å skapa gode oppvekstkår med meir læring, god helse og å utjamne ulikskapar mellom barn som ligg til grunn for etablering av heildagsskule.

Det er fleire utfordringar med å etablere heildagsskule ved skulane i kommunen. Spørsmålet er om det vil gje den effekten me ynskjer, om det er økonomisk forsvarleg og kva tid skulebygga vil vera i stand til å romma eit slikt tilbod.

Når det gjeld skulebygga vert det i denne utgreiinga tilrådd å innføra heildagsskule dersom ein endra skulestruktur og etter kvart som dei nye skulebygga står klare og den nye strukturen vert innført.

Det er heilt klart store økonomiske kostnader knytt til heildagsskule, men ein kan sjå på dette på to måtar. Dersom ein ser for seg at ordninga med heildagsskule berre vert auka utgifter for kommunen, kan dette vera eit tiltak som ikkje er økonomisk forsvarleg å gjennomføra. Om ein derimot ser på heildagsskulen som eit tiltak som er viktig for å sikra alle barn like tilbod og ein god oppvekst, kan dette tiltaket syna seg å vera økonomisk forsvarleg og berekraftig.

Dersom barn og unge ikkje får den trygge, gode oppveksten dei treng, kan mange av dei falle ut av samfunnet og ende opp som unge uføre eller arbeidsledige resten av livet. Kvinnherad har mange unge uføre i dag, og det kan skuldast at det manglar tilstrekkeleg førebyggjande tiltak for barn og unge

Dersom denne negative utviklinga held fram kan det i framtida føra til auka økonomiske kostnader og reduserte skatteinntekter til kommunen. Dette kan bli svært kostbart, også på det personlege plan for kvar enkelt det gjeld. I lys av dette er det viktig å ta ei stilling til korleis ein kan motverke ei slik utvikling. Det er då ulike måtar å tenkja på;

Kommunen kan ha ein startegi der ein identifiserer dei barn/unge og familiane som er i risikograppa. Kommunen tilbyr gode, omfattande/individuelle eller familiære tiltak til dei som treng det.

Eller ein kan velja ein strategi der ein organiserer omfattande universelle og grunnleggjande tiltak for alle barn og unge, for på denne måten å sikra alle eit godt grunnlag.

Heildagsskule er eit tiltak der ein tenkjer at gode grunnleggjande tilbod til alle er minst stigmatiserande og som sikrar alle barn basal og viktig omsorg i kvardagen.

11 Kjelder

[Stoltenbergutvalet](#)

[Utdanningsnytt - heildagsskule](#)

[Utdanningsnytt - artikkel](#)

[Utdanningsnytt – Heldagsskole er ikkje løsningsen](#)

[Klassekampen - artikkel](#)

[Hva er Aktivitetsskolen - Aktivitetsskolen - Oslo kommune](#)

[28.06.2019-UDE_Rammeplan Aktivitetsskolen Oslo.pdf](#)

[Helhetlig skoledag på 1. – 4. trinn](#)

[Evaluering av skolefritidsordningen](#)

[Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i skulen](#)



Teikningane i dokumentet er laga av born i kulturskulen;

Teikninga på framsida er teikna av Nathalie

Teikninga på baksida er teikna av Ingrid Helen